

Oppvekst- og levekår



Fagnotat



Arbeidsgruppe: Anne Reidun Garpestad, rådgjevar stab Samfunn (rapportansvarleg), Siri S. Endresen, barne – og familiesjef og Pedro Comas, statistikkansvarleg.

Innholdsfortegnelse

| | | |
|----|---|---|
| 1. | Innleiing | 3 |
| 2. | Oppsummering | Feil! Bokmerke er ikke definert. |
| 3. | Funn og resultat fra Folkehelseundersøkelsen 2020 | 5 |
| | Del 1: Nærmiljø..... | 6 |
| | Del 2: Helse..... | 14 |
| | Del 3: Sosiale støtte..... | 17 |
| | Del 4: Helseadferd | 18 |
| | Del 5: Skadar og fysisk miljø | 22 |
| | Del 6: Livskvalitet..... | 23 |
| 4. | Avslutning og konklusjon..... | 24 |

1. Innleiing

I 2020 vart det gjennomført ei folkehelseundersøking (Folkehelseundersøkelsen 2020) i alle kommunar i Rogaland. Undersøkinga var i regi av Folkehelseinstituttet (FHI), og i samarbeid med Rogaland fylkeskommune.

Hovudfokus i undersøkinga var å få svar på korleis innbyggjarane har det når det gjeld livskvalitet, trivsel og eigenvurdert helse. I Time vart eit tilfeldig utval av innbyggjarar spurde digitalt, via sms og e-post. Mest 1/3 av innbyggjarane , ca. 6000, vart spurde, og 3152 innbyggjarar svara. Dette gir ein svarprosenten på over 50 %, noko som er svært bra. Totalt kom det inn ca. 35 000 svar i Rogaland.

Kven svara? Totalt frå heile fylket hadde det vore ønskeleg med fleire svar i aldersgruppa 18-39 år. God svarprosent for den eldste gruppa, til tross for at undersøkinga var digital. God svarprosent opp til 80 år.

Formålet med undersøkinga var:

1. Sikra felles forståing av nå-situasjonen
2. Funn for Jæren / Time
3. Korleis er funna samanlikna med resten av fylket og landet
4. Jo meir vi veit om korleis innbyggjarane har det, jo meir treffsikre tiltak kan me setja inn

Funn og resultat frå folkehelseundersøkinga vil verta brukt i arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og gi viktige innspel til valde satsingsområde.

Kommunen har også følgjande kunnskapsgrunnlag for folkehelsearbeidet, i tillegg til Folkehelseundersøkelsen 2020:

- ✓ FHI sin årlege folkehelseprofil for alle kommunar
- ✓ Fylkeskommunen sin utvida folkehelseprofil for kvar kommune
- ✓ Folkehelseprofil 2018-2021 Time kommune

2. Oppsummering

Åtte av ti rogalendingar er fornøgd med tilværelsen. Det same gjeld for innbyggjarar i Time. Dei fleste innbyggjarane opplever stor grad av trivsel i nærmiljøet (77%). Opp mot ni av ti føler stor grad av tryggleik i nærmiljøet.

Innbyggjarane i Time er godt eller svært godt nøgde med tilgjenge til kultur- og idrettstilbod (80%), butikkar og andre servicetilbod (91%), tilgang til parkar og andre grøntareal (90 %) og tilgang til natur- og friluftsområde (95%).

Når det gjeld tilgjenge til offentleg transport, så er det om lag 50 % som svarar at den er god eller svært god. Dette samsvarar i stor grad med tilbakemeldingar frå innbyggjarar i ulike medverknadsopplegg knytt til planarbeid. Om lag 70 % svarar at gang- og sykkelvegar er godt eller svært godt utbygd. Dette er litt over snittet i fylket.

Det er under 10 % av innbyggjarane som er plaga av støy, inkl. støy frå vegtrafikk.

Det er om lag 30 % som deltek i organisert aktivitet kvar veke, medan 50 % deltek i anna aktivitet/uorganisert aktivitet. Dette gir viktige signal for betydninga av å legge til rette gode uteområde/friområde som grunnlag for uorganisert aktivitet. Tiltak som legg til rette for uorganisert skapar meir aktivitet og fleire som er aktive og er spesielt viktige for den yngre del av befolkninga (18-39 år).

Det er om lag ein av fire (24%) som er fysisk aktive i tråd med anbefalingar. Det er om lag på nivå med snittet i fylket (22%). Det er svært gledeleg at det berre er omlag 7 % som røyker dagleg i Time, for Sør-Jæren samla er talet 10 %. Andelen som røyker dagleg synk betydeleg med utdanningsnivået. For Sør-Jæren er andelen som røyker dagleg er 16% blant dei som har grunnskule som høgaste utdanning medan andelen er 5 % for dei som har minst 4 år høgskule- eller universitetsutdanning.

For alle som svara i Rogaland var det om lag 90 % som opplevde middels eller god sosial støtte. Det er liten forskjell mellom dei ulike regionane. For Time sin del er det om lag 90 % som opplever moderat eller høy grad av sosial støtte. Det betyr at mange har vennar og familie som viser støtte både i daglelivet og når livet røyner på.

Andelen som svarar at dei opplever helsa som god eller svært god er 75 %. Jærkommunane ligg på nivå med fylket når det gjeld andelen med høgt nivå at psykiske plagar. Når ein ser på kjønn og alder, så er det fleire kvinner i dei yngre aldersgruppene som slit med høgt nivå av psykiske plagar, samanlikna med menn i same aldersgruppa. Det er også ein utdanningsgradient som viser at utdanning har betydning når det gjeld korleis den psykiske helsa vert opplevd.

Sjølv om dei fleste i Time og fylket har det bra, så er det tydelege skiljelinjer knytt til alder og utdanningsnivå. Forskjellane mellom regionane i fylket er ganske begrensa, dei viktigaste skiljelinene går innad i kommunane mellom utdanningsgrupper og ulike aldersgrupper. Dei eldre har ein tendens til å vera meir nøgde enn dei yngre, og det same gjeld dei med lang utdanning i forhold til dei med kort. Det er også nokre kjønnsforskjeller, for eksempel i forhold til psykiske plager.

I Time var det 14 % som rapporterte som økonomiske vanskar definert som svært vanskeleg, vanskeleg, forholdsvis vanskeleg. Nivået i fylket er 17 %. Generelt for fylket: I gruppa med vidaregåande som høgaste utdanning er det ein betydelig større andel kvinner enn menn som svarer at dei synes det er vanskelig å få pengene til å strekke til i det daglige. Forskjellane mellom regionane er små.

Korleis folk opplever den økonomisk situasjonen, heng saman med korleis livet vert opplevd. Å redusera opplevinga av vanskeleg økonomi, er eit tiltak som treff dette utfordringsbilete.

Kort oppsummert kan ein seia:

- ✓ Dei fleste har det bra
- ✓ Mykje vert betre med alderen
- ✓ Unge, særleg kvinner, slit i høve psykisk helse
- ✓ Økonomi er viktig. Tiltak som er med og demper opplevinga av økonomiske problem, er viktige tiltak
- ✓ Tiltak som legg til rette for uorganisert aktivitet skapar meir aktivitet og fleire som er aktive og er spesielt viktige for den yngre del av befolkninga
- ✓ Tidleg innsats barn og unge og fokus på gjennomføring av vidaregående opplæring er viktige, universelle folkehelsetiltak.

Funna i Folkehelseundersøkelsen 2020 samsvarar godt med Time kommune sin Folkehelseprofil 2018-2021. På grunnlag av tilgjengeleg statistikk, erfaringar frå tenesteområde i kommunen og medverknadsopplegg, vart følgjande folkehelseområde prioritert:

- Psykisk helse
- Inntektsskilnadar
- Trygge skulevegar
- Eldreressursen
- Aktivitetsmangfold

Ut frå Folkehelseundersøkelsen 2020 og kommunen sin eigen folkehelseprofil kan ein oppsummert seie at følgjande tiltak vert prioritert og teke inn i satsingsområda til Samfunnsdelen Kommuneplan Time kommune 2022-2034:

- Fortsatt satsing på å legga til rette for aktivitetsmangfold
- Fortsatt satsing på å styrka psykisk helse, spesielt den yngre del av befolkninga, og satsing på at ungdom fullfører vidaregående opplæring.
- Fortsatt satsing på å utjamna inntektsskilnadar, både ved å redusera opplevinga av dårlig økonomi og legga til rette for at flest mogleg ungdom fullfører vidaregåande opplæring.

3. Funn og resultat frå Folkehelseundersøkelsen 2020

Følgjande tema var med i undersøkinga:


- ✓ Nærmiljø
- ✓ Helse
- ✓ Sosial støtte
- ✓ Helseadferd
- ✓ Skader og fysisk miljø
- ✓ Livskvalitet

Rogaland fylkeskommune har presentert oppsummering og funn frå undersøkinga på ei partnarskapssamling folkehelse 15. april 2021. Funna er relatert til Time og jærkommunane



Gjesdal, Hå og Klepp og fylkeskommunen har bearbeida tala og gjort resultat lettare tilgjengeleg for kommunane. Resultat frå folkehelseundersøkinga og dette fagnotat bygg på presentasjonen til fylkeskommunen 15. april, samt bearbeida tall frå fylkeskommunen i etterkant av møtet 15.april. For kvart spørsmål er det utarbeidd fire ulike tabellar. Ein som viser svar på tvers av alder, kjønn og utdanningsnivå. I tillegg tre ulike som viser forskjellar når det gjeld kjønn, alder og utdanningsnivå. I dette fagnotatet er det bare vist eit utval av tabellar på kvart temaområde. Det er og henta informasjon frå nettsida til Rogaland fylkeskommune og frå Kommunetabellar utarbeida av Folkehelseinstituttet.¹

Del 1: Nærmiljø

3 av 4 trivst i stor grad i sitt nærmiljø. Det er små forskjellar mellom kommunane på Jæren. Time skårar høgast av dei fire jærkommunane. Innad i kommunane viser det seg vesentlege forskjellar når det gjeld alder og utdanningsnivå.







¹ <https://www.rogfk.no/aktuelt/atte-av-ti-rogalendinger-er-fornoyde-med-livet.105122.aspx>





Dess eldre ein vert, dess tryggare føler ein seg i nærmiljøet.

I Time svarar 80% at tilgjenge til kultur –og idrettstilbod er god eller svært god. Når det gjeld tilgjenge til butikk og andre servicetilbod, svarar over 90% at tilgjenge er god eller svært god.








Når det gjeld tilgang til offentleg transport, så er det ein tydeleg aldersforskjell, og her er det fleire i Hå som er fornøgd enn i dei andre jærkommunane. Alle jærkommuanne ligg over snittet i fylket når det gjeld tilgang til gang- og sykkelvegar.




Innbyggjarane opplever at parkar og andre grøntareal er lett tilgjengelege. Om lag 90 % av dei som svara på undersøking opplever at grøntområda er svært godt eller godt tilgjengeleg. Det er den yngste aldersgruppa som syns dei er minst tilgjengelege.





Når det gjeld deltaking i aktivitet, som idrettslag, politikk, religiøse samfunn, med meir, viser svara at deltaking er på topp i aldersgruppa 40-49 år (småbarnsforeldre). Økonomiske utfordringar gir mindre deltaking i denne type aktivitet. Det er liten forskjell mellom kommunane, Hå skårar best.



Organisert aktivitet/frivillig arbeid definert som for eksempel idrettslag, politiske lag, trussamfunn, kor eller liknande.




Når det gjeld deltaking i uorganisert aktivitet, som klubb, møte, treffe vennar, trimturar med vennar/kollega eller andre, så viser svara at her er det høgare aktivitet og fleire som deltek. Det er ein omvendt aldersgradient, altså her er det flest unge som deltek i uorganisert aktivitetar, men eldre føretrekk organiserte aktivitetar.




Korleis innbyggjarane har svara på desse indikatorane har ein samanheng med korleis dei subjektivt vurderer sin økonomiske situasjonen. Det er i undersøkinga spurt etter den subjektive opplevinga av å ha därleg råd. Den økonomiske gradienten er synleg i alle desse indikatorane, i større eller mindre grad. «Jo betre råd, dess meir fornøgd er du».

Del 2: Helse

Det første spørsmålet her var korleis du alt i alt vurderer di eiga helse. Oppsummert kan ein seie at dess eldre du er, dess fleire er det som vurderer at helsa er god. Utdanningsnivå har noko å seie for kor god helse du vurderer at du har. Jærkommunane skårar veldig likt her. Lite forskjellar mellom menn og kvinner, litt fleire kvinner opplever helsa som därleg. Totalt er det blant både menn og kvinner 3 av 4 som opplever helsa som svært god eller god.




Kor fornøgd er du alt i alt med tilværelsen, om du stort sett er fornøgd eller stort sett misnøgd med tilværelsen var også eit av spørsmåla. Her er det tal for regionane i fylket. Sør-Jæren ligg på nivå med fylket. 3 av 4 er svært fornøgd eller fornøgd med tilværelsen. Jo eldre me blir, jo meir fornøgde er me med tilværelsen. Utdanningsnivå har også betydning for korleis tilværelsen blir opplevd.



Når det gjeld psykiske plagar, så er spørsmåla knytt til om ein i løpet av dei siste to vekene har opplevd betydelege plagar i form av nervøsitet og indre uro, redsel eller engstelse, følelse av håpløshet med tanke på framtida, nedtrykthet og tungsinn, bekymring eller urolighet. Dersom ein har eit nivå over 2 på HSCL – 5 skalaen², har ein eit høgt nivå av psykiske plagar


² Psykiske plagar (HSCL-5). Det vil sei at man i løpet av dei siste to veken har opplevd betydelege psykiske plagar i form av 1) nervøsitet og indre uro, 2) redsel eller engetelse, 3) følelse av håpløshet med tanke på framtida, 4) nedtrykthet og tungsinn og 5) bekymring eller urolighet



Jærkommunane ligg på nivå med fylket når det gjeld andelen med høgt nivå at psykiske plagar. Når ein ser på kjønn og alder, så er det fleire kvinner i dei yngre aldersgruppene som slit med høgt nivå av psykiske plagar, samanlikna med menn i same aldersgruppa. Det er også ein utdanningsgradient som viser at utdanning har betydning når det gjeld korleis den psykiske helsa vert opplevd.


Del 3: Sosiale støtte

Her er det tala gitt på regionnivå. Sør-Jæren er på nivå med snittet i fylket når det gjeld høy grad av sosial støtte. Ryfylke skårer best av alle regionane.



Det er fleire kvinner (46 %) som opplever sosial støtte på høg eller nest høgast skåre enn menn (40 %). Det er fleire menn (23%) som opplever låg sosial støtte enn kvinner (19 %).

Det er ein utdanningsforskjell når det gjeld gard av sosial støtte. Det er 28 % av dei med høgre utdanning over 4 år, som opplever høg grad av sosial støtte, medan det er 20% av dei med grunnskule som opplever høg grad av sosial støtte.



Her vert dei som skårar 6 eller høgare på ein skala frå 0-12, definert som einsame


Det er liten forskjell mellom regionane når det gjeld talet på einsame. Dess eldre du blir, dess mindre einsam føler du deg. I aldersgruppa 18-29 år oppgir 29 % at dei er einsame, medan talet for eldre over 60 år er 12 %. Utdanning er med og reduserer einsemd.

Del 4: Helseadferd

Dette området handlar om fysisk aktivitet, kosthald, røyking, snusing, bruk av alkohol.

Fysisk aktivitet

Når det gjeld fysisk aktivitet så er det under 25 % som er fysisk aktiv tilsvarende nasjonale anbefalingar.³ Sør-Jæren er på nivå med snittet i fylket. I aldersgruppa 18-29 år er flest (27 %) som har eit aktivitetsnivå tilsvarende anbefalingar, medan det er aldersgruppa 30-39 år som har det lågaste nivået (17 %).




Kosthald


Når det gjeld kosthald og i kor stor grad innbyggjarane innfriar minst tre av fire kosthaldsanbefalingar, så ligg Sør-Jæren under nivået i fylket.

Kosthaldsanbefalingane det her er referert til er: Kor ofte drikk du sukkerhaldig drikke, kor ofte spis du frukt og bær, kor ofte spis du grønsaker og kor ofte spis du vanlegvis fisk

³ Minst 30 minutt moderat fysisk aktivitet 4 gonger + i veka




Det er fleire kvinner enn menn som følgjer kosthaldsanbefalingane. Dess høgare utdanning, dess fleire som følgjer kosthaldsanbefalingane




Røyking

Røyking utgjer ein stor helserisiko. Det er gledeleg å sjå at mest 50 % av dei spurte aldri har røykt. Det er omlag 10 % som røyker dagleg. Sør-Jæren er på nivå med fylket. Det er like mange menn som kvinner som røyker dagleg.



Det er ein tydeleg utdanningsgradient når det gjeld røyking. Det er fleire med grunnskuleutdanning (16%) som røyker enn innbyggjarar med for eksempel vidaregåande skule (10 %).


Snus



Det er litt fleire menn (17%) enn kvinner (9%) som snusar dagleg. Det er mindre forskjell når det gjeld utdanningsnivå og snusing samanlikna med røyking. Det er flest i aldersgruppa 18-29 år (25 %) som snusar dagleg, tett følgt av aldersgruppa 30-39 år (19%) og 40-49 år (13%).

Alkohol


Ut frå undersøkinga, så brukar ca. 70 % av innbyggjarane alkohol 2-4 gonger i månaden eller 1 gong i månaden eller sjeldnare. Sør-Jæren er på nivå med fylket.




Det er fleire menn enn kvinner som drikker alkohol 2-4 gonger i månaden (kvinner 34 %, menn 40 %). Det er ein utdanningsforskjell når det gjeld bruk av alkohol. Det er fleire (21%) med høgare utdanning som nyttar alkohol 2-3 gonger i veka, samanlikna med innbyggjarar med grunnskuleutdanning (13%).

Del 5: Skadar og fysisk miljø

Sør-Jæren er på nivå med fylket når det gjeld skadar. Over 80 % har ikke vore utsett for skadar siste 12 månadane som førte som førte til lege – eller tannlegebesøk. Det er liten forskjell mellom menn og kvinner.





Sør-Jæren er på nivå med fylket når det gjel kor mange som opplever seg plaga av støy fra vegtrafikk når det er heime. Det er fleire som er litt plaga av støy frå andre kjelder enn trafikk (26 % mot 18 %).




Del 6: Livskvalitet

På ein skala frå 0-10 rapporterer 90 % at dei har ein livskvalitet på 5,4 eller høgare. Det er liten forskjell mellom kommunane, Time er på nivå med fylket og jærkommunane. Jo eldre du blir, jo meir nøgd er du. I aldersgruppa 18-29 år er 68 % fornøgd eller svært fornøgd, mens for aldersgruppa over 60 år er tilsvarende 85 %.



Dess eldre du blir, desse meir opplever du at det du gjer er meiningsfylt. Det same gjeld i kor stor grad du føler tilhørighet til staden der du bur. 60 % av innbyggjarar over 70 år føler sterkt tilhørigkeit til staden dei bur, for aldersgruppa 18-29 år er det 33 % som opplever det same.



4. Avslutning og konklusjon

Ut frå Folkehelseundersøkelsen 2020 og kommunen sin eigen folkehelseprofil kan ein oppsummert seie at følgjande tiltak vert prioritert og teke inn i satsingsområda til Samfunnsdelen Kommuneplan Time kommune 2022-2034:

- Fortsatt satsing på å legga til rette for aktivitetsmangfold
- Fortsatt satsing på å styrka psykisk helse, spesielt den yngre del av befolkninga, og satsing på at ungdom fullfører vidaregåande opplæring.
- Fortsatt satsing på å utjamna inntektskilnadar, både ved å redusera opplevelinga av dårleg økonomi og legga til rette for at flest mogleg ungdom fullfører vidaregåande opplæring.

Desse tiltaka er i stor grad innarbeidd i utkast til Samfunnsdelen Kommuneplan Time kommune 2022-2034.